



Arkivnr: 2014/1180-30
Saksbehandlar: Hans-Christian Engum, Snorre Waage

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		02.06.2015
Kultur- og ressursutvalet		02.06.2015
Samferdselsutvalet		03.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - vedtak av høyringsforslag

Samandrag

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 er det utarbeidd høyringsforslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*.

Fylkesutvalet skal no gjere vedtak om at høyringsforslag vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 8-2 og inneheld planskildring med mål og strategiar, retningslinjer, handlingsprogram og konsekvensutgreiing. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen.

Planarbeidet har vore leia av ei politisk samansett styringsgruppe med fylkesordførar som leiar. Ei administrativ arbeidsgruppe har gitt innspel til planen. Alle kommunane har vore representert i begge gruppene. Det har vore ei rekkje opne medverknadsarrangement med god deltaking.

Dei overordna målsetjingane med planen er at Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion; ha eit utbyggingsmønster og transportsystem gir effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur; og at det skal vere ein god fordeling av bustader og arbeidsplassar i Bergensområdet.

Planen har fem hovudtema:

- Senterstruktur og utbyggingsmønster
- Regionalt transportsystem
- Bustadområde
- Næringsareal og arbeidsplassar
- Natur, kulturmiljø og landskap

Fylkesrådmannen tilrår at styringsgruppa sitt forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 1. oktober 2015.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentlig ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.05.2015

Bakgrunn

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er forankra i *Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012*. Planen avløyser og aktuelle tema i *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008*.

Planprogram for planen og oppstart vart vedteke av Fylkesutvalet 29.08.2013. Fylkesutvalet oppnemnde i same sak fylkesordførar og eit medlem i fylkesutvalet, gruppeleiarane på fylkestinget og utvalsleiarane til medlemmer av styringsgruppa. I tillegg vart alle ordførarane/byråd invitert til å sitte i styringsgruppa.

Fylkesutvalet skal no gjera vedtak om å leggja planen ut på høyring, etter tilråding frå Kultur- og ressursutvalet, Samferdselsutvalet og Opplærings- og helseutvalet. Det vert tilrådd høyring med frist 1. oktober 2015. Hordaland fylkeskommune inviterer i september til eit ope informasjonsmøte med presentasjon av planforslaget.

Etter framdriftsplanen skal Fylkestinget vedta *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* i desember 2015.

Rammer og verknad

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Den skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen (§ 8-2). Mål, retningslinjer og handlingsprogram i planen skal vera førande for fylkeskommunen og statlege regionale organ i fylket når det gjeld verksemdplaner, forvaltningsvedtak og budsjett.

I samsvar med krav i plan- og bygningslova er den regionale planen samansett av desse delane:

- Planskildring med mål og strategiar
- Retningslinjer
- Tiltak
- Konsekvensutgreiing

Planskildring

Planen gir gjennom mål og strategiar og planskildring retning for utviklinga av Bergensområdet. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år. Behovet for planrevisjon vert vurdert kvart 4. år gjennom arbeidet med regional planstrategi.

Plan- og bygningslova § 4-2 set krav om at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for regionale planar med retningslinjer eller ramme for framtidig utbygging. Konsekvensutgreiinga skal omtala og vurdere verknader for miljø og samfunn. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for planen med tre overordna alternativ for utbyggingsmønster i Bergensområdet:

1. Alternativ 1 – Hovudvekst i fylkes/region/bydelssenter
2. Alternativ 2 – Vekst i alle sentre
3. Alternativ 3 – Vekst i eksisterande byggesone

Retningslinjer


Planen inneheld retningslinjer for analysar, medverknad, arealplanlegging og transportplanlegging. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen. Retningslinjer for arealbruk er knytt til tema senterstruktur og utbyggingsmønster, regionalt transportsystem, bustadområde, næringsareal og arbeidsplassar, natur kulturmiljø og landskap. Desse vil vere innspel til kommunal arealplanlegging. Retningslinjene er grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ, men må sjåast i ein heilskap med ulike interesser i den konkrete planen. Berre når nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser er råka kan motsegn grunnjevast.

Handlingsprogram

Det er utarbeida eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtakast av regional planmyndigheit og rullerast årleg med ein hovudrevisjon kvart 4. år. Tiltaka er lista sist i kvart av kapitla i plandokumentet.

Organisering

Arbeidet har vore organisert med ei politisk styringsgruppe og ei administrativ koordineringsgruppe. Fylkeskommunen har vore sekretariat i arbeidet. I tillegg har det vore faglege temagrupper som mellom anna har kvalitetssikra utgreiingsarbeidet og har hatt moglegeheiter til å kome med innspel i planutforminga.



Medverknad

Det er gjennomført fire større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert. Samlingane har fått fram og formidla relevant kunnskap, gitt høve til medverknad og skapt engasjement og forankring for planen. Tema på desse samlingane har vore senterstruktur, bustad- og næringsareal, transport og natur, kulturmiljø og landskap. Sistnemnde samling var i form av ein arbeidsverkstad med inviterte fagpersonar og interesseorganisasjonar.

Kunnskapsgrunnlag

Det er gjort utgreiingsarbeid i samband med alle tema i planen:

1. Utgreiingsrapport Senterstruktur-, Asplan Viak
2. Utgreiingsrapport Næringsareal, Asplan Viak
3. Utgreiingsrapport transport, Asplan Viak
4. Utgreiingsrapport natur, kulturmiljø og landskap, Asplan Viak
5. Bustadbehov i Bergensområdet, AUD-rapport nr. 9 2014
6. Hovudstruktur for kollektivnettet i Bergensområdet, COWI
7. Fortettingspotensialet i Bergensområdet, AUD-rapport nr. 4 2015.

Innhald i planen

Forslag til høyringsutkast av planen er vedlagt. Det viktigaste frå innhaldet i planen vert referert her. Planen er delt inn i 6 kapittel.

Kapittel 1 Mål og strategiar

Dei overordna målsetjingane med planen er at Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion; ha eit utbyggingsmønster og transportsystem gir effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur; og at det skal vere ein god fordeling av bustader og arbeidsplassar i Bergensområdet.

Kapittelet presenterer òg mål for kvart av dei andre temakapitla i planen. Vidare synleggjer kapittelet utfordringar knytt til areal- og transport i Bergensområdet, og strategiar for å kome utfordringane i møte. Strategiane omfattar å styrke regionale senter, styrke eit effektivt og miljøvenleg transportsystem, kompakt og kvalitetsmedviten bustadbygging, tilgjengeleggjering og differensiering av næringsareal og berekraftig arealforvaltning. Planforslaget vil gje meir føreseielege planprosessar for kommunane i Bergensområdet.

Kapittel 2 Senterstruktur og utbyggingsmønster

Planen legg opp til eit utbyggingsmønster etter prinsippet om «desentralisert konsentrasjon», eller fleirkjerna utvikling. Det er ein viktig føresetnad at regionsentera kring Bergen blir meir sjølvforsynte og utvikla med arbeidsplassar og tenester, ikkje berre bustader. Planen legg til grunn at utbygging av bustader og arbeidsplassar må stø opp under kollektivsystemet, og at kollektivsystemet stør opp rundt senterstrukturen. Planforslaget byggjer vidare på den senterstrukturen som er vedteken i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. For å nå målsettingar om nullvekst i personbiltransporten må veksten i hovudsak kome i område som legg grunnlaget for at transportveksten kan skje med kollektiv, sykkel og gange. Det er på denne bakgrunn definert regionale vekstsonar der hovuddelen av veksten bør skje.

Retningslinene legg føringar for utbyggingsmønsteret og prinsipp for arealforvaltning i Bergensområdet.

I ein region med så sterk befolkningsvekst som i Bergensområdet oppstår det fort målkonfliktar mellom å legge til rette for vekst, redusere transportbehov og ivaretaking av viktige arealverdiar. I ein heilskapleg tilnærming bør ulike omsyn bli vektlagt forskjellig i ulike område. I kommunar med regionale vekstsoner er transportomfanget som følgje av veksten så stor, at eit utbyggingsmønster som legg til rette for berekraftig mobilitet bør leggjast sterk vekt på. I kommunar med lokale vekstsoner er voluma av vekst lågare og transportomfanget som skapast mindre. Ein prioriterer her omsynet til grønstruktur og arealverdiar sterkare.

Prinsippet sett ikkje sektorlovane til side, men gjev føringar for korleis ein utøver skjønnsvurderingar i forvaltninga i ulike soner. Det er ein erkjenning av at det er naudsynt med omdisponering av areal for å leggje til rette for vekst. Samla sett vil ein sterk prioritering av vekstområder spare arealverdiar i eit langsiktig perspektiv. For at dette prinsippet skal gjelde er det viktig at potensialet for fortetting og transformasjon er vurdert og planlagt utnytta. I tillegg bør dei omdisponerte areala få høg utnyttingsgrad.

Kapittel 3 Regionalt transportsystem

Planen legg gjennomgåande vekt på at arealbruk og transport heng saman. I dette kapitlet vektleggast eit samordna transportsystem som stør opp om målet om god mobilitet med miljøvenlege transportformer. Det er behov for å redusere sårbarheita i vegsystemet, redusere klimagassutslepp og redusere lokal luftforureining, samstundes som ein utviklar eit system som betrar framkome og styrkar kollektivtransporten. I Bergensområdet vil befolkningsauke og økonomisk vekst gi eit auka transportbehov, som bør takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Planen legg til rette for at det fortsatt skal være pendling og interaksjon på tvers av kommunegrensene. I framtida må fokuset vere på å leggje til rette for ein meir berekraftig mobilitet. Retningslinene gjev føringar for kommunal arealplanlegging, og for statleg, fylkeskommunal og kommunal transportplanlegging.

Kapittel 4 Bustadområde

Planen skal legge til rette for fortsatt vekst i regionen, mellom anna med å tilby bustadområde som gjer det attraktivt å flytte hit. Veksten i Bergensområdet skal gjennom samhandling kome heile regionen til gode. Ein

bærekraftig vekst inneber bevisste val på kor bustadbygginga bør skje, kva type bustadar ein bør bygga og korleis bygginga bør gjennomførast. Gode bukvalitetar er viktig og må skje innanfor berekraftige rammar, og i form av arealeffektivitet og eit transportreduserande utbyggingsmønster. Kapitlet beskriv framtidig bustadbehov og korleis ein best møter dette. Kommunane bør ha ein bustadreserve i samsvar med befolkningsprognosar for minimum 12 år og maksimum 20 år.

Kapittel 5 Næringsareal og arbeidsplassar

For at Bergensområdet skal vere ein konkurransedyktig og attraktiv region er det naudsynt å leggje til rette for fortsatt vekst i arbeidsplassar. Det er difor tenleg at kommunane har arealreserver og næringsareal av ulike typar slik at ein har fleksibilitet. Lokalisering av næringsareal og arbeidsplassar har stor innverknad på kor mykje transport som blir skapt. Det er eit mål i planen å betre den regionale balansen mellom busette og arbeidsplassar i dei ulike delane av Bergensområdet. Ein effektiv og gunstig lokalisering kan vere med å avgrense veksten i, og kanskje redusere biltrafikk og leggje til rette for at arbeidsreiser kan skje kollektivt, med sykkel og gange. Kommunane bør sette av ei arealreserve i kommuneplanens arealdel som dekker eit prognosebasert behov for næringsareal i minimum 12 år fram i tid, maksimalt 20 år.

Kapittel 6 Natur, kulturmiljø og landskap

Planen legg føringar for berekraftig utvikling i Bergensområdet. Veksten som er venta i Bergensområde vil skape auka press på å omdisponere grøne areal og kulturmiljø. Satsing på fortetting kan føre til auka byggepress på kulturminne, friområde og viktige grøntareal i byggjesona. Langsiktig forvaltning av natur- og kulturverdiar er sentralt for å lukkast med å byggje ein attraktiv og berekraftig region. Kapitlet utdjuar korleis ein bør balansere utbygging opp mot andre arealverdiar.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen tilrår at styringsgruppa sitt forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* vert lagt ut på høyring med frist 1. oktober 2015. Plan- og bygningslova set krav om minimum seks veker høyringsperiode. Grunna sommarferie vert det tilrådd ein lengre høyringsperiode. Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Plandokumentet presenterer dei aktuelle utfordringar og vurderingar på ein god måte, med ei konsekvensutgreiing som synleggjer verknader av planen. Planen er i samsvar med krav i plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan.